Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom.

Oppskr. av: Rasmus Navelsaker

(adresse): Hornindal

Fylke: Sogn og Fjordane.

Herad: Hornindal.

Bygdelag: Nordstranda.

Gard: Navelsaker

G.nr. 9 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Med marka- og fjellslotte var det slutt omlag 1900. Folk braut (rydde) heller opp av bóane og gjorde dei beire, og soleis fekk dei både godt og mykje höy. Ved same tid vart det og slutt med å gjete sauene om sumrane, dei fekk liggja ute i fjellet eller i skogen, der holdt dei seg godt, der vart gjödselen liggjande etter dei.

Men lauvfor heldt ein ved med å sanke og nytte. Alm voks helst i strendene, elles var han planta heime på bóane. Etter slåtten kleiv ein almane og rispa dei. Å rispe er å halde neven om dei tynne kvistene og knipe til so lauvet fól med og vert verande i handa, etter ein har stroke heile over kvisten. Lauvneven hadde ein nedi ein tomsekk, ein hadde med opp i almen, sekken hekk gjer-ne åpen på ein kvist. Soleis neve etter neve, til almen var rispa. Ein alm kunde vere so stor at det var ein heil sekk lauv av honom. Almen var nava eller styvd, og hadde fleire kvistehaud (hovud). Soleis var det når det var stei-nete og urd under almen, var det mark under, slepte ein lauvet ned, raka det saman med rive og hadde det i sekkjer. Sekkjen skulde vere so hardt stappa, at om ein bar han i eit börataq på ryggen, skulde det ikkje vise på sekkjen etter ryggen. Gamle oldefar Nils, döde 1847, möttе ein som kom av almlauvskog, han sa: „Dinge sekkjen d"kje" are,"

1411

Der viste hole i sekkjen etter akslene. Dei brukte halve-mål i dalen i den tid, gjerne litt endå. Almelauvet vart breidt ut over låven eller ein lolem, og når det var turt, hadde ein det i stål, gjerne på lolemen. Om vintren var det godt for åt alle kröter, - ikkje for öykjen - sjöv grisen likte det. Ein slo då kokande vatn på lauvet og let det stå og söggje[2] seg. då åt grisen det godt, og vart feit av det òg, sa dei.

I savetida om våren brukte vi å ta naver og bork av bjørk, tok naver og bork av so laugt ein kunde nå frå marka fyrst. felte so treet og tok naver og bork like til toppen. Smågutane skrapte då save av bjørka og åt, og tykte det var godt. Men so kom mor og systrene til med sigder, hogg dei fine lauvrike kvistene av bjørka[3], (batt) bandt dei saman i små knippe - lauvkjerv. Dei turka vi ute i sola eller inne på låven, hadde dei so i lauvkjervstålet på lolemen. Kjerv[4] laga vi òg av slodebuskene vi drog småhöyet til hesjane på, eller buskene vi hadde bak på höysleden når vi sloleste. Ein gong hogg vi ei fin årerust til brenneved under Svarthammaren, men kvistene laga vi mange gode lauvkjerv av. So rodde vi i stranda, der var mange lindenavar, som vi styvde, ja - vi hogg ned heile lindar òg, og so laga vi lauvkjerv av kvistene. Var det i savetida, flakte vi òg borken av lindegreinene og strongane. Borken laga far knippe av - lindetuster, og la dei i vatnet. Når dei var nok röytte tok han tustene opp att, og vi flakte lindebasta[5] ut av, dei laga vi bastetog av om vintrane. Men lindelauvkjerva lasta vi föringen med, og förde dei heim på naustlemen. Alt dette lauvforet fekk sau og geit ut over vintren. Kyra fekk av bjørkelauvkjerva, dei togg kvistene noksotjukke, og dei hadde godt av det, såg trivelege ut, heldt kunene i godt lag, var slette og pene i hårlaget. Lindekjerva var serleg gode for kjane[6]-kjøta. Kviste-

1411

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ne som var att av kjerva, var svært bra til å gjere var-
me i omnen med, dei brann so godt.

Det vart lite for våren 1895. Vi gjekk ein mann
frå kvart bruk, inn i Kviteblekklia, der var svære almar.
Vi lågg med greinene, braut av kvistene med brommet
på, flakte bòsta av greinene. Vi fekk kvar si ryggja-
bòr med bòst og brom, let den rulle ned Kvitebleikham-
rane og Almlauvteigen like til vatnet. Rodde bòra-
ne heim, kyrne fekk god mat, åt både bast, kvist og
brom.

1916 var ein sein vår, men kyrne var slepte
ut på bøen, so kom 16de mai med ein 6 tommar snø.
Kyrne måtte stå inne, vi hadde inkje for-høy å gje dei.
Då køyrde eg opp i Nymarka, hogg ned nokre unghjorkar,
gjorte dei på sleden og køyrde heim på tunet. Hitens
folk kom med sigdar og hogg kvistene av, der var pent
brom på dei, hadde so inn til kyrne, dei åt og togg
og greidde seg bra, no dei fekk beit (beit = å bite
av eller i). Eit par dogar etter var snøen vekke, og
kyrne greidde seg vel på den grøne bøen.

Knut køyrde noko furebar på isen frå Fjellmarka
heim på tunet til geitene. Dei gjekk med kjed, og tolde
nok sjølv foret, men dei støra-kasta kjeda.

Det er no omlag slutt med å ha heim for av sko-
gen om somrane. Det er mangel på folkehjelp som
gjerer det, men både lauv- og kvistefor er triveleg og
nærande for krøtera. Folk prøver å avle meir høy på
bøane, og so vonar dei på tidleg vår. „Gregusmess
teir er betre enn 10 lass høy." (Gregorsmesse = 12te mars).

Nokre bøyingar i Hornindal:

Substantiv: eit bast - bastet, bòst - bòsta.

4 - kjerv - kjervet, kjerv - kjerva.

6 - kjed - kjedet, kjiar - kjiane.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1411

Verbinn:

1 å kleive, kleiv, kleiv, har kleve.
2 å sögje, sögjer, sögde, - sögt.
3 å binde, bind, batt, - bonde.
7 å gjöre, gjörer, gjörde, - gjört
(eit gjöre: tozomn eit lass, ei bör)
8 å störe, störar, störde, - stört.

Navelsaker, 8/3 48.

1411

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING